

Fra: Kjell Ståle Tofte[kjells@halsnoy-trelast.no]
Mottatt: 27.05.2026 10:25:26
Til: Grethe Marie Sandvik[grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: Sigbjørn Øye[sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no]; Anbjørn Høivik[anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: RE: Avtale om stimuleringsmidlar - Sandvikjo bustadfelt - Halsnøy Trelast AS

Hei Grethe og takk for hyggeleg e-post.
Vedlagt ligg signert avtale.
Kontonummeret til Halsnøy Trelast er 3540.08.10247

Med vennlig hilsen
Kjell Ståle Tofte
Halsnøy Trelast AS
Mobil +47 95 14 66 15
kjells@htrelast.no



MESTERHUS
– det blir som avtalt

From: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>
Sent: onsdag 27. mai 2026 09:13
To: Kjell Ståle Tofte <kjells@halsnoy-trelast.no>
Cc: Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>
Subject: SV: Avtale om stimuleringsmidlar - Sandvikjo bustadfelt - Halsnøy Trelast AS

Hei

Viser til sak som gjeld tildeling av stimuleringsmidlar – Sandvikjo bustadfelt – Halsnøy Trelast AS.

For prosjekt Sandvikjo bustadfelt så finn eg at søknaden gjeld: Støtte etter kvikkleireundersøking. Etter krav frå Kvinnherad kommune vart det i 2020 stilt rekkefølgekrav om geoteknisk vurdering av kvikkleirefare, og Sweco Norge AS blei engasjert for å utføre undersøkingane. Arbeidet omfatta prøveboringar og laboratorieanalysar som dokumenterte at grunnen er stabil utan kvikkleire. Tiltaket var ein føresetnad for vidare utbygging og har varig allmenn nytteverdi ved å dokumentere trygge grunnforhold i området.

Sidan søknaden gjeld støtte etter kvikkleireundersøking for eit bustadfelt som er privat så kan ikkje utbetalinga skje som midlar i investeringsbudsjettet. Tildeling har preg av tilskot og må løyvast over driftsbudsjettet. I dei tilfelle løyvinga har form av tilskot skal driftsbudsjettet styrkast med uttak frå disposisjonsfondet og låneopptak til investeringar skal reduserast tilsvarande.

Kommunestyret behandla i møte 21.05.2026 1.kvartalsrapport og då blei sak om redusering av investeringsbudsjettet og tilsvarande styrking av driftsbudsjettet vedtatt.

Sidan den geotekniske vurderinga, kvikkleireundersøkinga, av bustadfeltet er gjennomført, er det no klart for utbetaling av tildelte stimuleringsmidlar kr 100 000,-.

Vedlagt følgjer utkast til avtale.

Fint om du ser gjennom avtaleutkastet, og kjem tilbake til meg og det er noko som er feil, burde bli retta eller om det er vilkår de ønskjer å drøfte.

Dersom avtalen er ok, så ber eg om at du signerer avtalen og sender den i retur til meg som vedlegg på e-post.

Eg ber også om at du sender meg kontonummer til Halsnøy Trelast AS der de ønskjer utbetalinga av stimuleringsmidlane, så skal eg sørge for utbetaling snarast råd.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Grethe Marie Sandvik

Send: onsdag 22. april 2026 10:09

Til: Kjell Ståle Tofte <kjells@halsnoy-trelast.no>

Kopi: Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>
anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>

Emne: Avtale om stimuleringsmidlar - Sandvikjo bustadfelt - Halsnøy Trelast AS

Hei

Viser til sak som gjeld tildeling av stimuleringsmidlar – Sandvikjo bustadfelt – Halsnøy Trelast AS.

Kommunestyret i Kvinnherad kommune har i møte 18.09.2025 sak 2025/5117 vedteke å stimulere privat bustadbygging gjennom ei ordning med kommunale stimuleringsmidlar. Formannskapet er gitt mynde til å gjere vedtak om løyve for tildeling, og har i møte 13.11.2025 sak 2025/67 gitt vedtak om at Halsnøy Trelast AS får tildelt kr 100 000,- til utvikling av prosjekt Sandvikjo bustadfelt. Midlane skal

bidra til at prosjektet vert realisert i tråd med kommunale strategiar for busetjing og bustadutvikling.

Eg er sett til å lage avtale for utbetaling av stimuleringsmidlane.

Eg har prøvd å sette meg inn i saka som gjeld stimuleringsmidlar, og sidan det er snakk om relativt store beløp og i nokon grad kompliserte faktorar, både formelt og praktisk, og sidan det i saka er framheva at det er viktig å skjerme midlane mot konkursar, sal av prosjekt og liknande omstende, så er det mange faktorar og vilkår som må på plass før midlane kan betalast ut.

Når det gjeld utbetaling av midlar som er knytta til rekkefølgekrav som gjeld infrastruktur som gjeld kommunal veg og VA-leidning som skal overtakast av kommunen, går dette inn under midlar avsett i investeringsbudsjettet for 2025, og kan betalast ut etter faktura eller annan oppgjersform.

For prosjekt Sandvikjo bustadfelt så finn eg at søknaden gjeld: Støtte etter kvikkleireundersøking. Etter krav frå Kvinnherad kommune vart det i 2020 stilt rekkefølgekrav om geoteknisk vurdering av kvikkleirfare, og Sweco Norge AS blei engasjert for å utføre undersøkingane. Arbeidet omfatta prøveboringar og laboratorieanalysar som dokumenterte at grunnen er stabil utan kvikkleire. Tiltaket var ein føresetnad for vidare utbygging og har varig allmenn nytteverdi ved å dokumentere trygge grunnforhold i området.

Sidan søknaden gjeld støtte etter kvikkleireundersøking for eit bustadfelt som er privat så kan ikkje utbetalinga skje som midlar i investeringsbudsjettet. Tildeling har preg av tilskot og må løyvast over driftsbudsjettet. I dei tilfelle løyvinga har form av tilskot skal driftsbudsjettet styrkast med uttak frå disposisjonsfondet og låneopptak til investeringar skal reduserast tilsvarande. Dette vert i så fall lagt fram til behandling i første moglege budsjettrevisjon. Med bakgrunn i dette må stimuleringsmidlar til Sandvikjo bustadfelt konverterast frå investering til drift og dette er no tatt med i 1.kvartalsrapport som kjem til handsaming i mai. Utbetaling for disse sakene må vente ut dette.

Sidan den geotekniske vurderinga, kvikkleireundersøkinga, av bustadfeltet er gjennomført, så vil eg tru at samla utbetaling av stimuleringsmidlar kr 100 000,- kan skje så snart budsjettrevisjon er vedtatt og midlane er klare til utbetaling.

Vedlagt følger utkast til avtale.

Fint om du ser gjennom avtaleutkastet, og kjem tilbake til meg og det er noko som er feil, burde bli retta eller om det er vilkår de ønskjer å drøfte.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |





KVINNHERAD
K O M M U N E

Tenk miljø før du skriv ut!